Nordhordland Fotoklubb v/Øyvind Aasgard
Leknesvegen 124
5915 HJELMÅS

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Leif Bjørnar Hopland | 20.04.2015 |
| Vår: 14/941 - 15/8947 | leif.bjornar.hopland@lindas.kommune.no | |

# Svar vedk. søknad om lån av nøkkel og tilgang til nett

Vi viser til søknad om lån av nøkkel til skulen sitt personalrom, samt tilgang til det trådlause nettet på Skulen. Søknaden gjeld inneverande skuleår og skuleåret 2015/16.

Skulen gjev med dette løyve til at de nyttar personalrommet første måndag i kvar månad når skulen er open. Vi ber om at de gjev oss melding dersom det blir endring på datoar i enkelte månader. Dette på grunn av tinging av varme. Vi minner også om at alarmen i personalavdelinga koblar seg på kl. 22.00.

Ein person i klubben må kvittera ut, og vera ansvarleg for, nøklane til skulen.
Desse skal leverast inn i sumarferien, og innleveringa må skje før utgangen av veke 25. Dei kan hentast ut igjen etter skulestart i august. Nøklar kan hentast på kontoret før kl. 15.30 alle dagar.

De ber også om å få tilgang til det trådlause nettet på skulen. Dette kan de få ved å ta kontakt med skulen sin sekretær.

Vedlagt fylgjer Lindås kommune sine reglar for utlån av skulerom.
Vi ber om at skjemaet «INSTRKS FOPR LEIGE AV LOKALE» vert underskrive og returnert til skulen snarast.

Med helsing

Leif Bjørnar Hopland
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nordhordland Fotoklubb v/Øyvind Aasgard | Leknesvegen 124 | 5915 | HJELMÅS |